




























PLAN FOR NOVEMBER 2017

Veke	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
45	14  GRUPPE-TUR SPRÅK-GRUPPE 	14  GRUPPE-TUR SPRÅK-GRUPPE 	8  Leik ute og inne i grupper	9  Leik ute og inne i grupper	10 
46	13  GRUPPE-TUR SPRÅK-GRUPPE 	14  GRUPPE-TUR SPRÅK-GRUPPE 	15  Leik ute og inne i grupper	16  Leik ute og inne i grupper	17 SPRÅK-GRUPPE 
47	20  GRUPPE-TUR SPRÅK-GRUPPE 	21  GRUPPE-TUR SPRÅK-GRUPPE 	22  Leik ute og inne i grupper	23  Leik ute og inne i grupper	24  Bokbussen SPRÅK-GRUPPE 
48	27 SPRÅK-GRUPPE 	28 SPRÅK-GRUPPE 	29  Bokbåten kl. 09.30 På Ostereidet Kai	30  JULE-GRANTENNING PROSJEKT-KAFÈ kl. 16.00 – 17.30	1.des SPRÅK-GRUPPE 

MÅNADSBREV

- November 2017 -



Gøy med vatn 😊

”POKUS”

OSTEREIDET FUS BARNEHAGE

FUS barnehagane sin visjon:

Saman gjev vi barndommen verdi. Leik og glede, kvardagsmagi og venegaranti



TLF POKUS 46 93 75 40

Fint om vi kan få ei melding dersom barnet ikkje kjem i barnehagen!!

MÅNADEN SOM HAR GÅTT

Det har vorte mykje vatn-leik i løpet av oktober, og spesielt ute. Der har det vorte mykje sølekaker, skum og vi har til og med rutsja i zalo 😊 Det var kjempe artig!!



I samlingane har vi hatt mange eksperiment når det gjeld vatn. Sett på forskjellane mellom kaldt og varmt vatn, kva skjer når vi blandar forskjellige ting i vatnet. Det er mange kjekke bildete å sjå på rundt om på avdelinga, så det er berre kom innom 😊

Kjekke og flotte turdagar har vi også hatt. Vi ser nye vennskap som utviklar seg på avdelinga. Vi fokuserer på at vi er GODE venner – ikkje nødvendigvis BESTE venner. I barnehagen skal alle ha det kjekt med GODE venner!!

MÅNADEN SOM KJEM

Sidan vi ser at nye vennskap og leikesamansetningar byrjar og utvikle seg, så vil vi ikkje lenger dele gruppa inn i LØVE og TIGER. Vi «blandar» barna alt etter kven vi ser dei er saman med, og kva som blir best «akkurat i dag». Vi fortset med turar måndagar og tysdagar, og vi vil prøva så godt vi kan at alle skal få minst ein tur i veka 😊

Temaet om vatn glir sakte men sikkert over i temaet TANNLEGE. Mange av barna har allereie vore hos tannlegen, fleire skal snart. Dette tek vi no tak i, og vi kjem nok til å koma innom «Karius og Baktus», og elles prøve å få til litt tannlege-leik med eit eige tannlege-kontor og liknande.



OVERORDNA MÅL FOR DENNE PERIODEN:

- Prosjektet skal berika/utvikla barnas leik.
- Utgangspunkt i barna sine interesser.
- Barns medverknad skal synleggjerast.
- Prosjekt-hefte/dokumentasjon blir til undervegs.

METODE:

- Vi jobbar med prosjektet i mindre grupper.
- Samlingar og aktivitetar vil ha fokus på tema.
- Vi skal leggja til rette for leik med vatn både ute og inne.

VIKTIGE TING!!

- No er det tid for varmare klede. Vi anbefaler tynne ullklær inderst på kroppen og tjukkare ull/fleese som mellomlag før dress eller regnklær. Vi anbefaler også REGN-VOTTER!! Ikkje så mykje anna som fugerer på våte dagar!
- Sjekk at det er strikk i regnbuksene og dressane. Veldig viktig for å hindre at buksebeina glir opp og det vert våte bukser og kalde bein!!!



SPRÅKGRUPPENE

Vi fokuserer på K-lyden framover nokre veker, før vi går over til R-lyden.

FUS SMART MAT

- Barnehagen er ein fin arena for å gjera barna kjent med eit variert utval av råvarer. Gjennom SmartMat kan FUS barnehagane bidra til å gje barna eit rikare og meir variert kosthald.
- Vi er nøye med å velgja produkter med mest mogeleg kjøttprosent, dersom vi ikkje serverer reint kjøtt.
- Vi brukar mest mulig næringsrikt korn.
- Vi balanserer inntaket av ulike typer fett, plantefett og meierifett.

Foreldresamtaler blir det i løpet av november, nærare info kjem ☺

SU-representant: Silje Haarklau Hansen (tlf. 911 32 147)

Vara-representant: Hassan Bile Mohamed (tlf. 941 86 402)

**Frå oss på POKUS
Astrid, Vigdis, Suchanya, Ingeborg og Jorunn**